

Høringsuttalelse 202514846 – Salbu Produksjon

Åfjordvegen 600 | 90 91 27 75 | j_s@live.no

14.01.2026

NVE

Konsesjonsavdelinga

Høringsuttalelse 202514846

Felles høringsuttalelse frå rettighetshavere i Salbuelva som blir berørt av konsesjonssøknaden.

John Sverre Øen. Bnr. 29 Gnr1 og2 -Mail j_s@live.no

Else Huke Bnr 29 Gnr 3 anettehuke@gmail.com

Harald Øen Bnr 29 Gnr 4 oenchristel@gmail.com

Magnar Bøyum Bnr 29 Gnr 5 magnaboe68@gmail.com

Finn Olav Nistad Bnr 29 Gnr 6 og 7 fonistad@hotmail.com

1: Det er i rapport punkt 3.1.2 Med Ramsgrøvassdraget som reguleringsmagasin lagt til grunn 55 l/s frå Ramsgrøvassdraget og 102 l/s nedstrøms kvia- men konsesjons søknaden har 56- respektive 109 l/s som grunnlag- alle beregninger må oppdateres og nye tall for vannstand oppdateres.

2: Kartlegging av biologisk mangfold- rapport av 2018 -Rapport må oppdateres- eventuelt ny synfaring /ny rapport. Dette gjelder både Terrestrisk miljø, Akvatisk miljø.og Maritimt miljø. Det er endringer i vurderinger av miljø generelt dei siste 6 åra og dette bør oppdaterast i ein ny rapport.

3: Kommentar: Bilde 15 side 19 i rapporten – Pumpehuset er etter det ein veit ikkje nedlagt men tenkt brukt som reservevannkilde til Sørbo Vassverk – Rapport bør oppdaterast,

4: Skogshogst langs elva: Det er til dels store felt med granskog langs elva som både er klar for hogst og som vil bli klar for hogst dei nærmast 10-20 åra.

Det er ei kjent sak at når ein driv skogshogst vil det bli avrenning (i praksis ikkje til å unngå) – grunneiere langs elva vil i den samaheng ikkje akseptere at det blir lagt restriksjoner på normal skogsdrift.

Dette bør absolutt nedfellast i ein skriftlig avtale som skal godkjennast av alle aktuelle parter.

5: Alle nødvendige avtaler med berørte grunneiere -herunder dei som har rettigheter i elva skal være godkjente før ein kan starte utbygging. Slik ein der det så er det pr dags dato kun gjort avtaler med 2 grunneiere som er direkte berørt av fysisk anlegg.

6: Vatn til brønnbåter: Det er opplyst at nærmaste anlegg for vatn til brønnbåter er i Svelgen. Så vidt som ein veit så er det anlegg for fylling av brønnbåter på Hatlem. Men dette anlegget har begrensa kapasitet -spesielt i tørre perioder. Rapport bør oppdaterast

7: Det er positivt at det er tenkt eit RAS anlegg og ikkje gjennomstrømningsanlegg etter den nye søknaden. Men stiller spørsmål om at det er nettkapasitet i området til å handtere eit RAS anlegg. Dette har for så vidt ingen ting med konsesjon søknaden om uttak av vatn å gjere, men rapport bør totalt oppdaterast mhp ny informasjon.

8: Det er uheldig at ein eier og Dagleg leder i Salbu Vassverk er ansatt i same firmaet (SWECO) som har ansvar for konsekvensutgreiing.

Kan her ikkje sei at det er noko konkret feil som er gjort med hensikt, men sett utanfrå bør ein rapport skrivas på meste mogleg fritt grunnlag utan at ein har økonomiske forhold opp mot prosjektet. Bør vurdere å bruke 3.part vurdering av rapporten.

9: Ser ellers også at det er søkt om regulering frå 145,0 – 143,3 (1,7 meter) – mens det i «Notat Salbu – 10.06.2018 viser dette ein regulering frå ca. Max 145,5 til min 143,0 (februar 2010) (2,5 meter) - dette er under/over det som er søkt konsesjon om (frå 145,0 -143,3). Det burde absolutt vore oppdatert data fram til 2025 – spesielt da det blant anna både i 2024 og 2025 har vore tørkeperioder. Slik ein ser det så vil klimaendringer føre til meir nedbør totalt, men også kanskje lenger tørkeperioder. (men er usikkert)

For ei kraftanlegg så kan ei ved låg vassføring «stenge ned» kraftanlegget.

Men for eit akvakulturanelegg så er ein avhengig av konstant tilførsel av ferskvatn.

Det har dessverre i nærområdet vore rettsaker om ulovlig senking av vannstand i samband med akvakulturanelegg. Dette må vi hindre for dette anlegget og ein trenger derfor mest mogleg pålitelige data -herunder reelle målinger av vannføring.

Slik vi ser det så er det ein del vesentlige mangler i rapporten som må oppdaterast.

Ein bør også vurdere pålegg om ei reseverløysing for tilførsel av ferskvatn dersom det ikkje er tilgjengelig vatn til forsvarlig produksjon.

Ref. også punkt 1 her når det gjelder datagrunnlaget for å beregne minstevannføring. (feil tall for beregning av minstevannføring)

10: Elva går i dag i stor grad langs med FV 607 og det har vore uhell der biler har hamna i elva. Så vidt som vi veit så har det ikkje vore større utslepp av i den samanheng. Men dette vil alltid være ein fare nå veien og elva går parallelt i så stor grad som den no gjer. Bør ha ein beredskap for kva ein skal gjere ved eventuell lekkasje av oljeprodukt ned i elva.

11: Det er tidligare søkt om konsesjon for kraftutbygging i elva – men av diverse årsaker er denne konsesjonen ikkje effektuert. Om prisen på utbygginga kan forsvarast så er det eit krav at denne muligheita fortsatt er open.

Dersom denne utbygginga blir sett i gang så vil det naturleg nok bli graving langs med elva med dei avrenningane som ikkje er til å unngå. Dette må tas med i dimensjoneringa av renseanlegget/inntaket til Salbu Vassverk.

12: Ser også i media (artikkel Lanbasert AQ -publisert 10.06.2024) at det er tanker om å utvide frå å bruke 10% til 20% av kapasiteten i vassdraget. Dette er ut over den konsesjonen som er søkt om og dersom det blir aktuelt så må ein ha mykje betre data tilgjengelig for å vurdere verknadane.

Oppsummering:

Generelt sett burde absolutt det sendt inn ny søknad som var oppdatert etter ny standard og data for 2025 brukt.

Det er skjedd ein del når det gjelder prinsippet om bruk av naturen til industriformål dei siste 6 åra og ein må vurdere heile søknade på nytt mhp dagens situasjon. Slik det ser ut på den nye søknaden er den ikkje oppdatert mhp blant anna nye data.

Fortsatt bruker ein for eksempel avrenningsdata frå 1886-2016. Dette burde absolutt vore oppdatert til 2025.

For eksempel var det sommaren 2025 (juli) svært låg vannføring i elva. Er det foretatt målinger på vannføring i perioden sidan ein fekk konsesjon i 2020 slik at ein kan sjå at teoretisk avrenningsdata stemmer opp mot beregna?

Ønsker for alle del at elva ikkje enten ved uhell eller tilsikta skal bli tørrlagt slik at ein får massedød av aure.

Den lokale bestanden av aure er vant med varierende vanntilførsel og samlar seg i «kulper» når det er låg vannføring.

Det som er spesielt farefullt er plutselige endringer i vannføring der auren ikkje få tid til å samle seg i kulper og «tørker inn».

Ber om at det ut over å sette krav til minstevannføring også bli sett krav til teknisk utførelse av overløp/kontroll av minstevannføring.

Utbygging skal heller ikkje være til hinder for ordinær skogsdrift og eventuell seinare utbygging av vannkraft i samband med vassdraget.

Vennlig hilsen

John Sverre Øen